

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: Sømna

Emne: Skav

Bygdelag: Heile heradet

Oppskr. av: Trygve Kvittle

Gard:

(adresse): Berg i Helgeland

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko eller eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

G.br. Hartvig Reinjord f. 1878, Alfred Bratli f. 1869, Klaudine Grøtheim f. 1871 m.fl.

SVAR

1. Til „hjølpeför“ og „rødför“ attåt høyet var skav mykje nytta før i tida - forutan beit og brom, tang og tare.

2. Noko samnamn for desse utanom „hjølpeför“ og „rødför“ kjenner ein ikkje her i Sømna (Sør-Helgeland).

3. Bøying av gjerningsordet skava: å skava^(æ) - sk^(skjöv)er - skov - skåvi.

4. Skav er frå gammal tid ålment nytta som regulert för, og serleg i dårlege förår. Så seint som i 1916 vart det på garden Frilstad (ein gard på 14-16 stonje, 2 hester og 18 sauer) skovi^{over} 90 lass skav(ved) f.d.m. rogn.

5-6. Det var rogn(-raun) som serleg var nytta til skav. Stadnamn som Skavlia al. finst det mange av, og der var og er enno mykje rogn. Men mest allslag laurtre kunne og nyttast: alm, osp, hogg, selje, bjørk hassell(?) - og bork av unge furutre. Alm er her lite av. Almebork kunne folk henta langvegs frå (Gaupa i Bindal) for å blanda i folkemjøl (til for knapt 100 år sidan). Det hugsa min bestefar (f. 1841), og han nemnde

7. også rimet: „Alme gjø og rogne fø og hogg set marg i bein og legg.“

8. Om ettervinteren og våren kunne heile buskaper få skar, ku og sau (og geit) fekk skaret for seg sjøt, til hestene vart rogn-skar tuka og blanda med hurre. Kalvane fekk skar og blanda i diikka, då vart dei glattare, meire hårslott.
9. Det same var tilfelle med kyrne når dei fekk skar, dei vart blankare og finare i holdet (hårslott) og melte vaks - det vart meire mjølk, "stivare rymi og fint gult smør." Kyrne har fekk ikkje så mykje skar at det sette beisk smak på mjølka - det ein veit.
10. Folk drog gjerne eins ærend (opptil 1 mil og kjøpte) og henta skar ved, forutan vedon ein likevel skulle ha til huset (Jens Aune tok 2 kr lasset - kring hundranskipet.)
11. Ein fór i skarstogen og henta skar
12. eller skar ved, andre namn er ikkje brukt.
13. Gjæringsordet marka er ikkje kjend her.
14. Det var utover ettervinteren og våren ein henta skar, og om været var surt, så fekk ikkje det hjelpe når ein trengte skar til krøtera. Men at folk fór til skarstogen på fastanda hjarta og langfredag, kjenner ein ikkje til.
15. Folk heldt mest til inne i stua med skarvinga, men var det store "stranger" (stokkar), heldt dei til ute på tunet eller i vedskjulet,
16. og då nytta dei bandkniv. Elles var tallekniven mest brukt, men det er kjend at dei kunne ha særskild skarkniv laga spesielt til det bruket, mest av gamle ljær- og med handtak berre i den eine enden.
(Sjå ^{eller} svar på tilleggslistap. 5.)

- 17-18-19. Den, mest, vanlege framgangsmåten med skaringa, var at dei kappar veden i høvel og lengd (omlag 1aln) og bar han inn i stua der gjorde fleire - voksne og barn - sette seg langs ein vegg på stolar eller krakkar (benker) med skar-kjeppe i eine handa og follekniven i andre og skov- grovskar til kyrne og småskar til sauene. Dei førde alltid reiskapen - ikkje kjeppe. Skov dei ute på tunet - store stranger med bandkniv eller skarkniv - lange skar-sponer, finhakka dei skaret etter på ^{med} øksa eller bila. Strangen (stokken) sette dei opp mot ein vegg eller dei nytta sagstolen (krakken). Ordet skarhøl
20. er ikkje kjend. - Namnet ein bruka var skar (skar-ved, -kjeppe ell. -legg).
21. Det grove ein skov vekt t.d. av osp, vart kalla rokkel, borkrokkel.
22. Som nemnt skov ein alle dimensjonar, og lengda var 3 gonger vanleg brenneved.
23. Alt som var skovi, vart kalla skjevel anten veden var tjukk eller tunn. (Tjukke legger kunne kappast opp til vanlege ved-lompar). Folk sa ein skjevel, men brukte sjelden fleirtalsforma skjevele - derimot noko - mykje skjevel.
24. Skaret skulle helst, vera tunt og fint, og ein måtte få med alt skaret, men ikkje noko av veden. Nokre ~~være~~vart nøye på det og skov riktig tunt, det skaret likte dyrbest.
25. Skjevelelen vart brukt til bakstived, det var beste og riktige lefsereden.
26. Det vart så godt som slutt med skaringa under første verdenskrig.

Må 19
AR